


NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE

DRIFTSPLAN med bestandsplan 2025-2029



Foto: Knut Fredrik Øi



Villreinutvalet for Nordfjella

April 2025

INNHALDSOVERSIKT

1. Samandrag	Side	3
1.1. Kvalitetsnorm		
1.2. Spørjegransking		
1.3. Konkrete målsetjingar i planperioden		
1.4. Målsetjingar på lengre sikt		
2. Nordfjella villreinområde - areal og avgrensing	"	4
3. Planperiode	"	4
4. Målsetjing	"	5
5. Historikk frå 1900-talet til i dag	"	6
5.1. Tamreindrift		
5.2. Dei første teljingane		
5.3. Stammeoppbygging i sone 2 1989-99		
5.4. Merkeprosjektet		
5.5. Kommunedelplan for villrein og regional plan for Nordfjella		
6. Utbrotet av CWD i Nordfjella sone 1	"	10
6.1. Konsekvensar for forvaltinga i sone 2		
6.2. Reetableringsplan		
7. Konkurrerande inngrep og verksemd	"	11
7.1. Vassdragsutbygging og kraftlinebygging		
7.2. Hyttebygging		
7.3. Løypenett		
7.4. Veger og jernbane		
7.5. Sperregjerdet langs fv. 50		
8. Kunnskapsgrunnlag og bestandsdata	"	14
Bestandsdata for stamma i sone 2 siste 5 år		
8.1. Bestandsstorleik og -struktur		
8.2. Slaktevektar og kondisjon		
8.3. Vinterbeite		
9. Plan for bestandsstorleik, -samansetnad og avskyting i planperioden	"	18
10. Lokale bestemmelsar, jakttid, dispensasjonar	"	20
11. Organisering	"	20
12. Arbeidsoppgåver/tiltak i planperioden	"	21
12.1. Overvaking		
12.2. Andre arbeidsoppgåver og tiltak		
13. Økonomi	"	22

Vedlegg: Oppsummering av spørjegransking utsend til dei jaktfeltansvarlege i Nordfjella i februar 2025.

1. SAMANDRAG

Den første driftsplanen som vart laga for Nordfjella vart vedteken i 1993. Seinare er det laga planar for nye 5-årsperiodar. Ein går i denne planen nokså detaljert inn og skildrar perioden med oppbygging av bestanden i sone 2 (1990-talet) og perioden med stor bestand i sone 1 (etter 2000), då dette kan verta relevante problemstillingar dei komande åra. Etter nedskytinga av bestanden i sone 1 åra 2017-18, er det berre i sone 2 ein har dyr ved inngangen til planperioden. Då må ein ta utgangspunkt i denne flokken dei komande åra, og forvalta den på best mogleg måte. Villreinutvalet baserer seg på at sone 2-flokken skal utgjera grunnlaget for oppbygging av ein ny bestand i sone 1 dei komande åra. Dette byggjer på konklusjonar vedtekne av lokal forvalting, rapporten frå ei breitt samansett reetableringsgruppe (oktober 2022), og Stortinget sitt vedtak i samband med Stortingsmeldinga for villrein (juni 2024).

1.1. Kvalitetsnorm

I 2022 vart det vedteke ei nasjonal kvalitetsnorm for villrein, med klåre målsetjingar på ein del sentrale område. Dette gjeld bestandstilhøve (delnorm 1), beite (delnorm 2) og vilkåra dyra har for å kunna nyttiggjera seg heile villreinområdet (delnorm 3). For Nordfjella vart tilstanden kategorisert som dårleg for delnorm 1 og 3, middels for delnorm 2. I denne driftsplanen er det teke inn element og illustrasjonar frå kvalitetsnorma, for å synleggjera kvar skoen trykkjer og drøfta kva som skal til for å betra stoda for villreinen i området.

1.2. Spørjegransking

I oppstarten av driftsplanarbeidet vart det valt ei arbeidsgruppe, samansett av styremedlemar og sekretær for villreinutvalet. Denne gruppa har sendt ut eit spørjeskjema til alle jaktfelt i Nordfjella, for å få kartlagt jaktrettshavarane sitt syn på ein del sentrale spørsmål for forvaltinga. Ei oppsummering av innkomne svar ligg som vedlegg til driftsplanen. I denne planen er det lagt vekt på kva fleirtalet av dei som har svart meiner. 49 innkomne svar gav ein svarprosent på 47, rekna ut frå tal jaktfelt i Nordfjella. Dei som har svart representerer 61 % av arealet i villreinområdet.

1.3. Konkrete målsetjingar i planperioden

- Friskmelding av stamma når det gjeld førekomst av CWD.
- Auka talet på dyr i Nordfjella frå om lag 430 i dag (mars 2025) til minimum 800 ved utgangen av planperioden.
- Minst 50 % av dette skal ha tilhald i sone 1.
- Leggja til rette for reetablering av rein i sone 1 så snart som råd.
- Maksimalt årleg jaktuttak: 10 % av vinterstamma.
- Leggja opp til ein periode med freding med sikte på raskare bestandsvekst.
- Endra strukturen i stamma for å oppnå kravet til «middels tilstand» i kvalitetsnorma. Det vil innebera ei dobling av andelen vaksen bukk (3 år og eldre) i høve til i dag, for å koma opp i min. 14 % storbukk.

1.4. Målsetjingar på lengre sikt

- Bestandsmål på 2400 dyr, fordelt med vinterstamme på 2000 dyr i sone 1 og 400 dyr i sone 2.
- Auka vaksenbukkdelen, slik at ein oppnår kravet til «god tilstand» m.o.t. struktur (tilhøvet vaksen bukk/simple > 0,35)
- Friast mogleg vandring av rein mellom sone 1 og sone 2, og mellom ulike funksjonsområde i Nordfjella (vinter-, vår-, sommar- og haustbeiteområde, kalvingsområde). Dette er forhold som Tiltaksplanen for Nordfjella tek føre seg.

2. NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE - AREAL OG AVGRENSING

Nordfjella Villreinområde ligg i 6 kommunar: Aurland, Lærdal og Ulvik i Vestland fylke, og Hemsedal, Ål og Hol i Buskerud fylke. Villreinområdet har RV 52 som grense i nord, og vassdraget som renn langs Bergensbana i sør.

Totalarealet er: **3.227.310 da** (berekna av FM i Sogn og Fjordane i mars 2002, med korrigering i 2005, etter at ein del av Ulvik sitt villreinareal gjennom forskrift fastsett av DN den 31.1.2005 vart innlemma i Nordfjella). Teljande villreinareal er **2.999.823 da**. Skoggrensa utgjer nedre grense for teljande areal.

Fylkesvis fordeling av teljande areal:

Vestland 1.527.180 da, Buskerud 1.472.643 da.

2.011.747 da (67 %) ligg i sone 1, 988.076 da (33 %) ligg i sone 2.

Tabell 1. Kommunevis fordeling av teljande areal i Nordfjella villreinområde.

Kommune	Privateigd	Stat/kommune	Totalt	Del av total
Hemsedal	110.080 da	15.250 da	125.330 da	4,2 %
Ål	426.790 da	93.480 da	520.270 da	17,3 %
Hol	601.670 da	220.320 da	827.043 da	27,5 %
Aurland	403.040 da	381.690 da	786.914 da	26,2 %
Ulvik	39.360 da	114.050 da	141.616 da	4,7 %
Lærdal	430.890 da	167.760 da	598.650 da	19,9 %
Totalt	2.011.830 da	992.550 da	2.999.823 da	100 %

3. PLANPERIODE

Driftsplanen gjeld for femårsperioden 2025-2029.

4. MÅLSETJING

Hovudmålet med forvaltinga av villreinen i Nordfjella er å sikra ei livskraftig villreinstamme med god kjønns- og aldersfordeling, ei stamme som tek i bruk heile villreinområdet og slik får tilgang til naudsynt leveområde over lang tid. Målet er vidare ei forvalting som gjev godt utbyte - næringsmessig for jaktrettshavarane, og i form av rekreasjon og jaktutbyte for jegerane.

Ei viktig målsetjing er å byggja opp ein robust bestand i sone 2 som kan avgje dyr til sone 1, samstundes som det framleis skal vera ein livskraftig bestand i sone 2. Stamma må vera så grundig testa gjennom prøvetaking at ein med tilnærma 100 % tryggleik kan slå fast at det ikkje finst smitte av CWD.

4.1. Viktige delmålsetjingar:

- Ta vare på og betra villreinområdet sin kvalitet som leveområde for villrein. I dette ligg oppfølging av arbeidet med regionalplanen for villrein for kommunane i Nordfjella og Raudafjell, og å vera pådrivar for at målsetjingane i denne planen vert følgde. Vidare å arbeida for å oppnå god eller middels klassifisering etter kvalitetsnorma for villrein.
- Sikra trekkvegane for villrein innan området
- Arbeida for å få ei villreinstamme med sunne dyr og med ein naturleg samansetnad når det gjeld kjønn og alder.
- Hausta av villreinstamma på ein slik måte at det gjev god avkastning og ei rettviss fordeling mellom jaktrettshavarane.
- Arbeida for ei human jakt med stabil fellingsprosent.
- Gje informasjon til jegerane og jaktrettshavarane om deira oppgåver i forvaltninga.

5. HISTORIKK FRÅ 1900-TALET TIL I DAG

5.1.Tamreindrift

Det første Hol Reinscompani, som dreiv med omlag 1300 rein frå før 1900, vart nedlagt i 1918 (P. A. Knudsen 1989) . Eit notat om tamreindrift i Nordfjella, skrive av Ole Grøgaard i 1987, fortel at Haugastøl Reinsco vart stifta i 1926. Ein flokk på 440 rein vart i 1927 kjøpt på Røros og driven til Halne på Hardangervidda, som var leigd som sommarbeite. Vinterhamn vart leigd lenger aust i Hol, m.a. Kleppestølen og Høvsåsen. Ved kjøp av meir rein frå Valdres, vart flokken auka til 800-1000 dyr. Då laget vart oppløyst etter 7 år, vart mykje av flokken og drifta vidareført i i Hol og Aal Reinscompani. Frå 1930 til -34 dreiv Finnebotn reinsamlag med 1800 dyr på nordsida av Hallingskarvet. I 1934 kom samane Lars og Sigrid Jonsen, som hamna med 1000 dyr på sørsida av Hallingskarvet, i Hol og Ulvik. Denne flokken gjekk i 1938 inn i Hol og Aal Reinscompani, som under krigen hadde kring 2000 dyr, og som nytta store beiteområde både i det som no er sone 1 og sone 2 i Nordfjella. Flokken vart slakta ut i 1965. Østre Hol Tamreinlag starta opp att med omlag 2000 rein midt på 1970-talet. Drifta vart lagd ned i 1982, grunna problem med innblanding av villrein. Då vart 936 dyr slakta, av dette ein del umerkt rein. Mange merkte dyr gjekk att i villreinflokkane. Dyretala som er nemnde ovanfor tyder på at det i lange periodar har vore 1000-2000 dyr på beite det meste av året i områda kring Hallingskarvet.

5.2.Dei første teljingane

Villreinutvalet vart skipa i 1974. Alt i april 1975 vart det gjennomført reinsteljing med fly for å få eit bilete av stoda. Under denne teljinga vart det funne 3977 dyr i Nordfjella. Det vart i rapporten kommentert at mykje av denne reinen nok var Hardangerviddarein, som truleg ville trekkja attende før kalving. I februar 1977 stod villreinutvalet for Hardangervidda for ei teljing som og omfatta Nordfjella. Då vart heile 10.390 dyr funne i Nordfjella – det meste av dette i sone 2. For å finna ut kor mykje som var trekt attende mot Vidda, gjennomførde villreinutvalet ei ny teljing i juli same året. Då vart det funne 4.057 dyr, av dette 711 i sone 2, resten i sone 1. Store fellingskvotar vart fastsette fleire år på rad, heilt til Nordfjellastamma var nede på eit høveleg nivå på 2200 – 2500 dyr på midten av 1980-talet. Diverre hadde den harde avskytinga desse åra gått sterkt ut over den delen av stamma som heldt seg i sone 2. I 1987-88 reknar ein med at det berre var 20-30 dyr att innanfor sona.

5.3.Stammeoppbygging i sone 2 i perioden 1989-1999

Fjellstyra og grunneigarlaga i området såg at dersom ein framleis skulle ha rein i området, måtte noko drastisk gjerast. Jaktrettshavarane i Hol og Aurland inngjekk i 1989 avtalar som innebar freding av områda sør for fv. 50, mot tilgang til jakt i sone 1 gjennom samjaktavtalar. Villreinnemnda vedtok same året ei sonedeling av Nordfjella villreinområde som innebar 4 gonger så stort bakgrunnsareal per fellingsløyve i sone 2 som i sone 1. Tilsvarende jaktfreding vart gjennomført i Ulvik, som på den tida hadde alt arealet sitt innanfor Hardangervidda villreinområde. Denne sonedelinga og fredinga av sone 2 heldt fram i fleire år, fram til ein i 1993 gjennom ein avskytingsavtale opna for ei svært varsam bukkejakt, som innebar at 9 fellingsløyve kunne nyttast i sona. På desse skulle det berre fellast bukk, og då helst returbukk,

dvs. gamle bukkar. Dei følgjande tre åra vart det og jakta minimalt, heilt til ein i 1997 auka talet på fellingsløyve til 30, fordelt på frie kort, simle/ungdyr og kalv. Jaktuttaket auka dei påfølgjande åra, fram til ein i år 2000 oppheva alle sjølvpålagde restriksjonar for jakta i området, som følgje av at store deler av stamma frå sone 1 då var komen over i sone 2.

Tabell 1.

Jaktuttaket i sone 2 i fredingssperioden 1989-92 og perioden med jaktrestriksjonar 1993-99. Dyr felt i Ulvik nord for Bergensbana - areal som då låg under Hardangervidda - er tekne med.

År	Tal løyve	Felt	
1989-92	0	0	
1993	9	5	Bukk
1994	12	9	Bukk
1995	12	6	Bukk
1996	0	0	
1997	30	15	6 bukk, 7 simle, 2 kalv
1998	30	24	11 bukk, 9 simle, 4 kalv
1999	70	34	22 bukk, 7 simle, 5 kalv

Til saman 93 dyr vart felt i sone 2 i denne 10-årsperioden, samstundes med at stamma vart auka til omlag 370 dyr (før jakt i 1999). Teljingar og observasjonar i perioden indikerer at heile denne stammeauken skjedde i den stadbundne flokken, utan «hjelp» av innvandring. Innmelde observasjonar av bukkeflokkar som kryssa fv. 50 og Bergensbana tyder likevel på at det i periodar fanst innvandra bukk i sona, og at nokre av bukkane som vart felte kan ha tilhøyrt slike gjestande flokkar frå sone 1 eller Hardangervidda. Diagrammet nedanfor, som syner bestandsutviklinga i sone 2 på 1990-talet, tyder på at veksten var god; både minimumsteljingar og kalvetal i perioden indikerer ei dobling av bestanden kvart 3. år, når ein og tek omsyn til jaktuttaket.




Fig. 1. Bestandsutviklinga i sone 2 i perioden 1990 – 1999. Minimumsteljing vinter, og kalvetal sommar.

5.4. Overgang av flokkar frå sone 1 frå 2000, og motsett veg 2005-2007

Vinteren/våren 2000 skjedde det ei stor endring i reinen sin bruk av Nordfjella. Mykje rein frå sone 1 heldt seg om vinteren langs fv. 50 Aurland – Hol, og ein del dyr trekte over Geiteryggen til sone 2. Minimumsteljinga i februar synte at dyretalet i sona var auka til minst 1012 dyr, frå kring 340 etter jakt hausten før. M.a.o. var stamma auka med nesten 700 dyr. Dei påfølgjande 6 åra låg dyretalet i sona stort sett over 1000 dyr (808-1598) på alle vinterteljingar. Det er interessant å sjå at alle flokkane, under alle teljingar (omlag 20) vinter, sommar og haust i perioden 2000-2006, er funne innanfor sona, d.v.s. mellom Bergensbana og fv. 50. Dette kan tyda på at det har vore relativt lite utvandring vidare sørover, ut or villreinområdet, i denne perioden. Rett nok vart det heller ikkje leita så mykje sør for Bergensbana, så lenge ein fann det talet ein meinte ein skulle ha, innanfor villreinområdet. I 2004 veit me at mykje rein var sør for Bergensbana under jakta om hausten. Frå 2007 har ein fleire år funne flokkar sør for Bergensbana under teljingane, både aust, vest og sør for Hardangerjøkulen. Kanskje var dette eit resultat av at vinterbeita i sone 2, etter mange år med mykje dyr, hadde tapt seg såpass mykje at reinen begynte å leita etter nye beite. Samstundes såg ein ei aukande etablering av rein i det gamle Raudafjell villreinområde, som lenge hadde vore tomt for rein. Mykje tyder på at det var flokkar frå sone 2 som trekte sørover, kryssa Bergensbana på Finsetunnelen, og derifrå trekte vidare over Gravhalsen mot Raudafjell. Både GPS-data frå «Dyreposisjonar» og sporobservasjonar under villreinteljingar er med og stadfestar dette. Som ei følgje av at reinen etablerte seg i dette området, vart Raudafjell, ettersøknad frå det nyoppretta villreinutvalet, godkjent av miljødirektoratet som nytt villreinområde i 2019.




Fig. 2. Minimumsteljing sone 2 vinter, perioden 1990 – 2024.

5.5. Merkeprosjektet

I 2007 vart dei første dyra GPS- merkte i Nordfjella, som ein del av NINA sitt merkeprosjekt for Langfjella. Denne merkinga skjedde som ei utvidinga av merkeprosjektet som hadde pågått på Hardangervidda sidan 2001, der hovudsiktemålet var å sjå på korleis villreinen brukte områda i nærleiken av rv. 7, og korleis trafikken på denne vegen verka inn på reinen si kryssing av vegen. Merkeprosjektet har vore finansiert som eit spleiselag, der m.a. Statens Vegvesen og NVE har bidrege mykje. Villreinutvalet har sete i styringsgruppa for prosjektet. Sidan merkinga begynte, har ein m.a. fått dokumentert korleis reinen sine trekk over Bergensbana har teke seg opp etter at Finsetunnelen vart bygd. Korleis reguleringsmagasin påverkar reinstrekka er og godt dokumentert. Dette har ein drege nytte av i samband med Hafslund sine rehabiliteringsprosjekt for kraftverksdammar. Det er samla eit stort datagrunnlag med hjelp av GPS-merkinga desse åra, data som vil kunna nyttast i mange samanhengar framover.

I mars 2015 vart det funne ei simle i sone 2, vest for Geiteryggen, med ein stor isklump i klaven. Simla vart avliva av dyrevelferdsomsyn, og det vart sett meir fokus på å sjekka om dette kunne vera noko som kunne oppstå på fleire klavar. Vinteren 2018 vart det funne isklump på klavar på fire simler i sone 2. Etter vedtak i Mattilsynet vart det bestemt å ta av alle klavane i Nordfjella. Dette vart gjort, anten ved at klaven vart utløyst med hjelp av utløysarmekanismen, eller ved at dyr vart avliva, viss denne funksjonen ikkje virka.

Grunna CWD-handteringa, og for å kunna ha betre kontroll på rørsle til dyra i sone 2 og Raudafjell, vart det, kort tid etter at NINA sine klavar vart fjerna i 2018, bestemt av Miljødirektoratet å starta opp ei ny, såkalla «forvaltingsmerking» av dyr i området, av både simler og bukkar. Kvar vinter frå 2018 er det merkt ein del dyr av SNO etter vedtak i Miljødirektoratet. Talet på GPS-merkte dyr har gjerne lege på 3-5 i Nordfjella dei siste åra.

5.6. Kommunedelplan for villrein og regional plan for Nordfjella

Ein felles kommunedelplan gjeldande for alle kommunar med areal i Nordfjella, i tillegg til Ulvik herad, vart vedteken i 1997-98. Då hadde det i fleire år føregått eit interkommunalt planarbeid, der villreinforvaltinga var sterkt involvert. Planen gjekk langt i å slå fast at innanfor det som er villreinområde skal villreinen prioriterast og andre inngrep unngåast, dersom dei kan vera til skade for villrein. Dei etterfølgjande åra vart dette prinsippet bakt inn i arealplanane til dei fleste kommunane som hadde vedteke kommunedelplanen. Då fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Buskerud og Hordaland i 2014 vedtok ein regionalplan for villrein, var det såleis ikkje noko stort steg for kommunane å tilpassa arealplanane sine til denne. Regionalplanen har, stort sett, dei same retningslinene for kva som kan akseptast av tiltak og aktivitetar i ulike deler av villreinområdet som det den felles kommunedelplanen hadde. Nordfjellarådet, med deltaking av både kommunar, fylkeskommunar, statsforvaltaren og villreinforvaltinga, vart oppretta som ei følgje av regionalplanen. Her vert viktige saker som gjeld varetaking av leveområda for villreinen sett på dagsorden.

6. UTBROTET AV CWD I NORDFJELLA

6.1. Sanering av stamma i sone 1

I mars 2016 vart det første tilfellet av CWD, eller skrantesjuke, påvist på ei simle i Lærdal, under arbeid med GPS-merking av rein i området i regi av NINA. Simla omkom grunna underliggjande sjukdom. I løpet av to år vart heile bestanden skoten ned, etter vedtak i Mattilsynet med heimel i dyrehelseforskrifta, for å hindra smittespreiing ut frå sona og avdekka omfanget av sjukdommen. Gjennom to jakt sesongar (2016 og -17) vart det av jegerar felt til saman 873 dyr i sona. Statleg uttak vinteren 2017-18 gav eit resultat på 1443 prøvetekne dyr. Samla vart det såleis felt **2316** dyr i sone 1 desse 2 åra med sanering. Då er fallvilt og dyr tekne av snøras medrekna. Til saman 19 positive CWD-prøver vart funne.

Tabell 2. Klassifisering etter kvalitetsnorma – påvist meldepliktig sjukdom.

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	Påvist spreiring av alvorleg meldepliktig sjukdom	(Ikkje nytta)	Ikkje påvist spreiring av alvorleg meldepliktig sjukdom
Nordfjella	CWD		

6.2. Konsekvensar for stamma i sone 2

Intensivert CWD-prøvetaking vart innført også for dei som jakta i sone 2, med det same sjukdomen var påvist i sone 1. På tre jakt sesongar (2016-2018) var talet på analyserte prøver frå sone 2 omlag 170, alle negative. Dei etterfølgjande 6 jakt sesongane (2019-24) er det analysert prøver frå til saman 403 dyr, alle negative. I Vitskapskomiteen for mat og miljø (VKM) sin rapport frå desember 2018 vart villreinstamma i sone 2 likevel rekna som ein av risikofaktorane for spreiring av CWD, på same måten som tette hjorteviltbestandar i områda rundt sone 1, tamreinflokken på Filefjell, og omfanget av sauebeiting i den smitta sona. Dette gjer at Mattilsynet, med støtte frå Veterinærinstituttet m.fl., dei siste åra har kravt eit høgt uttak av rein frå sone 2, både for å få stor statistisk tryggleik for at stamma er smittefri, og for å redusera beitepresset, og dermed sjansen for utvandring av rein frå sona. Dette er difor noko som villreinutvalet må ta omsyn til ved kvotefastsetjing og andre tiltak som gjeld jakta framover. Særleg forslaget om å ha eit stort uttak av vaksen bukk har fått store konsekvensar for strukturen i stamma og for forvaltninga.

6.2. Reetableringsplan

I oktober 2017 vart det av Mattilsynet og Miljødirektoratet vedteke ein reetableringsplan for villrein i sone 1. I arbeidet med denne deltok lokal villreinforvaltning. Stamma i Nordfjella sone 2 vart prioritert som kjeldebestand for ny rein i sone 1, framfor rein frå Hardangervidda. Planen føresette tidlegast oppstart av reetablering haust/vinter 2023, om lag 5 år etter at siste rein vart felt i sone 1. Det vert skissert driving av flokkar med høveleg storleik og samansetnad frå sone 2 til sone 1. Funnet av CWD på Hardangervidda i 2019 gjorde sjølvstapt at bestanden der vart uaktuell som donorbestand for sone 1.

Ei ny, statleg nedsett reetableringsgruppe med deltaking frå lokal villreinforvalting kom i arbeid i hausten 2020, og hadde fleire samlingar fram til sluttrapporten frå gruppa kom i september 2022 (NVS rapport 35/2022). Dette er ein svært grundig rapport, som har same hovudkonklusjon som rapporten frå 2017; bruk av villrein frå sone 2 som grunnlag for overføring til sone 1, under føresetnad at ein har nådd tilfredsstillande (99 %) sannsyn for at denne flokken er fri for CWD. I rapporten vert ulike alternative metodar for reetablering drøfta, i tilfelle noko skulle koma i vegen for det prioriterte førstealternativet.

Stortinget vedtok i juni 2024 stortingsmeldinga om villrein, der det vart fastslege at *«reetableringa skal skje snarast mogleg med villrein frå sone 2, når denne kjeldebestanden er friskmeld på bestandsnivå, slik at risikoen for resmitte er handtert på eit akseptabelt nivå.»*

I mars 2025 har Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet teke konsekvensen av Stortingsvedtaket og vedteke at reetableringa skal starta så snart som råd med bruk av rein frå sone 2, etter at ei prosjektgruppe har lagt fram ein plan for korleis dette skal gjerast.

7. KONKURRERANDE INNGREP OG VERKSEMD

Fysiske inngrep og menneskeleg aktivitet har gjort at villreinen i Nordfjella ikkje får utnytta leveområdet sitt fullt ut. I arbeidet med klassifisering av Nordfjella etter kvalitetsnorma vart det vurdert at reinsflokkane held seg vekke frå nokre av dei gode beiteområda og at dei er hindra i å nytta nokre av trekkrutene som bitt området saman. Det som slær sterkest ut i normvurderinga er hinderet flokkane møter i Fv 50 og kombinerte moment ved Geiteryggen, noko som har gjort trekk mellom sone 1 og sone 2 til sjeldsynte hendingar etter 2007.

Tabell 3. *Klassifisering etter kvalitetsnorma. Tilstandskategoriar – reduksjon i bruk av trekkpassasjar (gjeld i hovudsak trekket mellom sone 1 og sone 2 sommar og haust, der influensområdet utgjer 49 % av denne typen areal i villreinområdet). Refererer til bruken dei siste 10 år i høve til dei føregåande 50.*

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	> 90 %	50-90 %	>50 %
Nordfjella	XX		

Regionalplanen for villrein, og tiltaksplanen for Nordfjella som er under arbeid, er viktige reiskapar for å få kontroll med menneskeskapte faktorar som har negativ innverknad på villreinstamma i Nordfjella. Desse planane går grundig inn på dei inngrepa og aktivitetane som er aktuelle. Nedanfor tek me likevel med nokre av dei viktigaste negative faktorane for villreinen.

7.1. Vassdragsutbygging og kraftlinebygging

Etter krigen har det vore fleire store vasskraftutbyggingar i Nordfjella.

Aurlandsutbygginga på 1970- og 80-talet er kanskje den utbygginga som har gjeve dei største konsekvensane for villrein. Fleire store reguleringsmagasin vart etablerte sentralt i villreinområdet. Nyhellermagasinet, Viddalsdammen, Kevassmagasinet, Stolsvassmagasinet og Flævassmagasinet har alle hatt store negative konsekvensar for villrein. Alle desse oppdemmingane førde til at gamle trekk vart avskorne og beiteareal vart neddemt. Dette går m.a. fram av eldre fangstanlegg som no er neddemde. Fleire store overføringslinjer for kraft går gjennom området. To linjer går parallelt gjennom sone 2 frå Vassbygdi til Hovet. Frå Stemmerdalen til Myrland går desse langs grensa mellom sone 1 og sone 2. Ei anna kraftline går frå Vassbygdi til Sima i Hardanger. For å finna mat, er reinen nøydd til å kryssa desse kraftlinene, noko me ofte registrerer at dyra gjer (jfr. «dyreposisjonar»).

Dei oppstarta prosessane med revisjon av vassdragskonsesjonar i Aurland og Lærdal vil gje moglegheiter til å få gjennomført tiltak for å få reetablert reinstrekk over regulerte magasin. Slutthandsama konsesjonsrevisjonar i Hemsedal og Hol/Ål har ført til oppretting av eit villreinfond for Nordfjella på til saman 10 mill. kroner, som skal gå til å betra tilhøva for villreinen.

7.2. Løypenett

I sone 2 er vinterløypenettet er tettast langs Hallingskarvet frå Haugastøl og austover, rundt austenden av Skarvet. Intensiteten i ferdsle er mykje lægre på nordsida enn på sør- og austsida av Skarvet. I Byrkjedalen og over Gurostølfjellet går ei løype med høgare bruk. Desse areala på nordsida av Skarvet har særskilde gode vinterbeite for rein, jfr. opplysningar i kapitlet om tidlegare tamreinhold. Me har dei siste åra sett at reinsflokkar har teke i bruk att vinterbeita på nordsida av Hallingskarvet, særleg tidleg på vinteren. I periodar med turfolk i løypene trekkjer reinen gjerne opp i høgda, nærare Skarvet. Kring vinterferietida, i slutten av februar, vert det gjerne så mykje folk, også utanfor løypene, at flokkane trekkjer vestover til rolegare trakter med dårlegare beite. Hol kommune har ei godt fungerande ordning med at løypekøyring og -stikking vert innstilt i område der det går rein. Dette kan vera med å bidra til at området kan halda ein større villreinbestand over lengre tid. Turistløypene Geiteryggen - Finse og Geiteryggen - Hallingskeid kan synast å ha ein viss barriereeffekt for rein både sommar og vinter, i periodar med stor trafikk.

Skarverennet, som går gjennom gode vinterbeiteområde på sørsida av Hallingskarvet mellom Finse og Ustaoset, kan ha stor innverknad på kor lenge utover våren reinen får fred til å beita i området. Sjølv renndagen i slutten av april har truleg mindre å seia enn vekene før rennet som vert brukte til førebuing av rennet og trasèen.

7.3. Hyttebygging

Utfarten frå hyttekonsentrasjonar i utkantane av villreinområdet har innverknad for kor mykje reinen får ro til å beita i nærområda. Regionalplanen for villrein (vedteken i 2014), og den tidlegare vedtekne felles kommunedelplanen for villrein (1997), har truleg bidrege til at hyttebygginga har bremsa opp innanfor det som er definert som villreinområde. Arealpresset er likevel stort i nærområda like nedanfor leveområdegrensa. Det er særskild viktig at kommunane, gjennom sine arealplanar, får kontroll med hyttebygginga inn mot villreinområdet.

7.4. Vegar og jernbane

Då Finsetunnelen opna i 1993, gjorde dette at villreinen fekk ei mykje lettare kryssing av Bergensbana. Før tunnelen vart bygd, var det helst i periodar med overpopulasjon på Hardangervidda at større mengder med rein kryssa bana. Framleis hender det at reinsflokkar kryssar bana andre stader enn over tunnelen, t.d. ved Hallingskeid og ved Torsstølen, aust for Finse.

Rallarvegen, som går langs den gamle banetraséen, verkar til tider som ei effektiv sperre for rein. Kryssingar av denne vegen i sykkelsesongen skjer helst på dagar med ruskever, og på tider av døgeret med liten trafikk.

Trafikken på anleggsvegane i Aurland, t.d. på vegane til Nyhelleren, Vargevatnet og Håbergsholene, gjer nok at reinen til tider held seg unna desse områda. Det gjeld og anleggsvegen til Kvevassmagasinet i Lærdal. Fv 50 har ein tydeleg barriereeffekt. Den tida det var mykje overgang av flokkar mellom sone 1 og sone 2, i åra 2000 – 2007, skjedde det meste av trekket over Geiteryggtunnelen. Etter 2007 er det ikkje registrert kryssingar av vegtraséen. Slik stoda er no, skal det heller ikkje vera overgang av rein over denne vegen, eller over tunneltaket på Geiteryggen, i brakkleggingperioden som er fastsett for sone 1.

7.5. Sperregjerdet langs fv. 50

Statleg vedtak om oppsetjing av sperregjerdet mellom sone 1 og sone 2 vart gjort i 2017, og gjerdet bygt same haust. Gjerdet fungerer dårleg vinterstid, grunna store opne rom i vintrar med store snømengder. Etter den årlege istandsetjinga av gjerdet som vert gjort kvar sommar og fram til vinteren kjem, fungerer gjerdet som ei sperre for reinstrekk mellom sonene. I åra som har gått sidan gjerdet vart oppsett, har ein berre registrert eit par tilfelle der rein har kryssa. Det var 2-3 dyr frå sone 2 som var nordom gjerdet nokre timar i april 2020. Våren 2024 vart det avliva ein fjorkalv som var komen på feil side. Trass i dårleg funksjonalitet vinterstid, utgjer gjerdet eit betydeleg hinder for reinstrekka mellom dei to sonene i Nordfjella, noko som er ei medverkande årsak til den dårlege klassifiseringa Nordfjella har fått i kvalitetsnorma for villrein når det gjeld funksjonelle trekkpassasjar.

8. KUNNSKAPSGRUNNLAG OG BESTANDSDATA

8.1. Bestandsstorleik og -struktur

Tabell 4.

Minimumsteljing vinter 2014-24. Frå 2018 gjeld tala berre sone 2.

2014	2270	Samla for sone 1 og sone 2
2015	1954	" " " "
2016	2093	" " " "
2017	388	Berre sone 2, Sett i ein flokk v. Geiteryggen
2018	458	Sone 2
2019	494	Sone 2 før bukkenedskyting
2020	435	Sone 2
2021	320	"
2022	385	"
2023	349	"
2024	350	"
2025	430	"

Tabell 5.

Strukturoversikt 2014-2024. Byggjer på strukturteljingar i september/oktober. Frå og med 2017 gjeld tala berre for sone 2. Gjennomsnitt er berekna for perioden 2019-24, altså etter vinteruttaket av bukk i 2019.

	V. bukk	Bukk 2,5	Bukk 1,5	Simle	Kalv	Talt i alt
2014	12,8 %	7,7 %	6,2 %	52,7 %	20,5 %	273
2015	19,6	9,4	7,9	40,6	19,3	404
2016	17,6	6,9	7,5	48,4	18,9	159
2017	13,0	7,1	8,9	46,3	23,0	392
2018	14,5	7,1	9,3	43,5	24,1	324
2019	6,0	8,4	13,3	49,6	20,1	368
2020	4,2	7,5	7,5	57,2	22,1	307
2021	7,7	5,1	10,7	48,5	25,5	196
2022	1,4	9,6	11,8	53,8	22,3	281
2023	5,1	7,6	67,9		17,0	118
2024	6,3	5,4	8,9	48,9	29,8	315
Gj.snitt	5,1	7,3	10,4	51,6	22,8	264

Tabell 6. *Klassifisering etter kvalitetsnorma. Tal bukk ≥ 3 år per simle ≥ 1 år.*

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 0,20	0,20-0,35	>0,35
Nordfjella	0,1		

8.2. Kalvetilvekst og avskyting

Tabell 7

Minimumsteljing, kalveteljing og fellingstal 2014-2024, Sone 2.

** Tal i parentes syner i 2019 til tal dyr felte gjennom SNO sitt vinteruttak av bukk (52) og Nordfjelladyr felte sør for Bergensbana.*

	Min. teljing	Kalvetilvekst registrerte dyr	Simler og ungdyr	Kalv per 100 simle/ungdyr	Jaktuttak
2014	507	197	440	44,8	206
2015	520	74	241	30,7	169
2016	395	111	260	42,7	50
2017	388	114	227	50,2	60
2018	458	123	318	38,7	72
2019	494	139	352	39,5	*118 (+67)
2020	435	110	295	37,3	70 (+24)
2021	320	108	222	48,6	37 (+2)
2022	385	103	266	38,7	64
2023	349	65	125	52,3	44
2024	350	138	297	46,5	40
Gj.snitt	418	116	277	42,7	93

Tabell 8. *Klassifisering etter kvalitetsnorm – tal kalv per 100 simle/ungdyr*

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 35	35 – 50	>50
Nordfjella (gj.snitt 2014-2024)		42,7	

8.3. Slaktevekter og kondisjon

Alle jegerar vert oppmoda om å vega felte dyr, og å notera slaktevekta på kontrollkortet som vert innlevert og i hjorteviltregisteret. Kurvene indikerer ei betring i vektene dei første par åra etter at flokkar frå sone 1 trekte over til sone 2 frå 2000 og utover. Frå 2005 ser det ut til at det har vore ein nedgang i vektene på vaksne simler. Frå 2017 har det vore lågare vektor på vaksen bukk – kanskje grunna låg alder på felte dyr. Etter innføringa av kvalitetsnorma for villrein har det vore lagt stor vekt på registrering av kalvevektor basert på vegne slakt. Ein må gå ut frå at dette har gjort at vektene i diagrammet frå om lag 2020 er sikrare enn tidlegare.




Fig. 3

Slakteveakter Nordfjella 1998 - 2024

Statistikken bygger på vektor oppgjevne av jegerane på innleverte fellingsløyve.

Tabell 9. Klassifisering etter kvalitetsnorma – slakteveakter på simlekalv.

Merk at dei tre siste år er det ikkje tildelt egne fellingsløyve for kalv. Nokre kalvar er felte grunna ymse skavankar, og er såleis mindre representative for kalvesegmentet i stamma.

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 15	15 – 18	>18
Nordfjella (gj.snitt 2020-2024)		15,7	

Kondisjonsutviklinga til reinen kan ein, i tillegg til å følgja med på slakteveakter, granska gjennom innsamling og måling av underkjevar av felte dyr. Kjevelengdene gjev eit inntrykk av veksten til dyra. Slike målingar har vore utførde i 1981, 1985, 1994, 1998, 2007 og 2014. Det var ein svak auke i kjevelengder i dei to målingane på 1990-talet i høve til målingane på 1980-talet. Alle kjevegranskingar i Nordfjella gjeld sams for sone 1 og sone 2, men i 1994 og -98 var det få kjevar frå sone 2 i materialet, grunna jaktrestriksjonar. Etter jakta i 2007 vart 170 kjevar vart sende inn til NINA til måling og aldersbestemming. Målingane av desse syner ein tydeleg auke i kjevelengder for bukk i høve til målingane på 1980-talet. Det er og ein auke i kjevelengda for simle, men mindre tydeleg enn for bukk. Dette kan tyda på ei betring i kondisjonen til dyra på dei to 10-åra som hadde gått mellom målingane. Under og etter saneringa av stamma i sone 1 vart det samla inn eit stort tal underkjevar frå Nordfjella. NINA kom med ein rapport etter saneringa, der det m.a. er opplysningar om alderssamansetnaden på dei avliva dyra.

8.3. Vinterbeite

Tabell 10. Klassifisering etter kvalitetsnorma – lavbiomasse per m²

	Dårleg	Middels	God
Kvalitetsnorm	<132 g/m ²	132-220 g/m ²	> 220 g/m ²
Nordfjella		XXX g/m ²	

I kvalitetsnormrapporten vert det berekna at 1210 km², eller 38 % av arealet i Nordfjella er vinterbeite. Av dette er 41 % klassifisert som dårleg, 18 % som middels og 41 % som godt – jfr. figuren på neste side. Samla klassifisering tilseier middels tilstand.

Ei beitegransking utført av NINA på 1980-talet konkluderte med at lavbeiteressursane i Nordfjella burde tilseia ei bereevne på 3000-5000 vinterdyr. I dag, etter at sone 1 har vore tomt for dyr i 7 år, må ein gå ut frå at lavbeita har teke seg opp ein god del. Så er spørsmålet kor stor del av vinterbeita som reelt sett er tilgjengelege for reinsdyra, med tanke på konkurrerande utbygging og aktivitet. Kartet nedanfor syner kvar i området ein finn dei beste lavbeita.




Fig. 4. Oversikt over lavmengdene i vinterbeiteområdet (venstre) og oversikt over vinterbeiteareal klassifisert som dårleg (raudt), middels (gult) og godt (grønt) etter kvalitetsnorma.

9. PLAN FOR BESTANDSSTORLEIK, SAMANSETNAD OG AVSKYTING I PLANPERIODEN

Tabell 10.

Fellingskvote/fordeling/avskyting i Nordfjella i perioden 2014-2024. Åra 2014-2017 gjeld tala samla for sone 1 og sone 2. Frå og med 2018 berre for sone 2.

År	Kvote total	Fordeling F-SU-K	UTTAK HODYR				UTTAK HANNDYR				FELT TOTALT	%
			K	1,5	V	SUM	K	1,5	V	SUM		
2014	1200	25-40-35	43	17	225	285	76	38	123	237	522	43,5
2015	1100	25-35-40	34	19	143	196	46	38	130	214	410	37,3
2016	900	30-30-40	40	13	125	178	46	16	95	157	335	37,2
2017	2050	100 % frie dyr	58	30	198	286	86	55	215	356	642	31,3
2018	200	35-30-35	9	3	31	43	3	8	18	29	72	36,0
2019	300	33-50-17	12	7	22	41	17	7	53	77	118	39,3
2020	250	40-30-30	8	1	35	44	6	4	16	26	70	28,0
2021	60	25-33-42	4	4	12	20	7	2	8	17	37	61,7
2022	99	50-25-25	5	2	18	25	11	3	25	39	64	64,6
2023	80	Bukk 1,5 år+	2	1	3	6	0	2	36	38	44	55,0
2024	80	Bukk 1,5 år+	2	0	5	7	3	3	27	33	40	50,0


Kravet frå styresmaktene om prøvetaking av visst mange dyr kvart år har vore styrande for kvotefastsetjing og avskyting i den siste planperioden. No er kurva for sannsynleg fråver av CWD komen såpass høgt (98,4 % etter jakta 2024) at dette omsynet ikkje kan vektleggjast like mykje framover. Omsynet til å få god vekst i stamma for å kunna overføra dyr til sone 1 må leggjast større vekt på, like eins å få ein betre balanse mellom vaksen bukk og simler; opp på det nivået som i kvalitetsnorma vert definert som «middels.»

Dette er tiltak villreinutvalet vil arbeida for i planperioden:

- Friskmelding av stamma når det gjeld førekomst av CWD
- Auka talet på dyr i Nordfjella frå om lag 430 i dag (mars 2025) til minimum 800 ved utgangen av planperioden.
- Minst 50 % av dette skal ha tilhald i sone 1.
- Leggja til rette for reetablering av rein i sone 1 så snart som råd.
- Maksimalt årleg jaktuttak: 10 % av vinterstamma.
- Leggja opp til ein periode med freding med sikte på raskare bestandsvekst.
- Endra strukturen i stamma for å oppnå kravet til «middels tilstand» i kvalitetsnorma. Det vil innebera ei dobling av andelen vaksen bukk (3 år og eldre) i høve til i dag. Me ynskjer på sikt ein stammestruktur etter jakt med 10-15 % bukk 3 ½ år+, 15-20 % bukk 1 ½ -2 ½ år, 42-46 % simle 1 ½ år og eldre, og 20-25 % kalv.

Plan for bestandsauke i sone 1, etter overføring av rein frå sone 2

I den første reetableringsrapporten (oktober 2017) vart det nytta eit diagram for å illustrera mogleg utvikling av stamma etter overføring av dyr frå sone 2. Denne var bygd på erfaringstal frå Nordfjella, m.a. levert av villreinutvalet og NINA. Seinare innsamla telje- og fellingsdata stadfestar at ein kan venta ei slik utvikling som figuren syner.



Figur 5. Mogleg bestandsutvikling i sone 1 med tre alternative modellar for overføring av rein frå sone 2. (Reetableringsrapport MD/Mattilsynet m.fl. okt. 2017)

Tabell 11

Plan for bestandsutvikling i perioden 2025-29, samla for sone 1 og sone 2. Det er lagt inn minkande prosentdel simler i stamma i år med jaktfreding, då bukkesegmentet vil auka i ein fredingsperiode.

År	Vinterstamme	Simlean-del	Kalv /100 simler	Kalvetilvekst	Jaktuttak	8 % avgang	Dyretal etter jakt
2025	430	50 %	60	129	40	34	485
2026	485	50 %	60	146	0	39	592
2027	592	48 %	60	170	0	47	715
2028	715	46 %	60	197	0	57	855
2029	855	44 %	60	226	40	68	973

10. LOKALE BESTEMMELSAR, JAKTTID, DISPENSASJONAR

Ein del reglar for jakta kan fastsetjast lokalt, og ev. regelbrot er ikkje underlagt offentleg påtale. Dette gjeld m.a. reglar om:

- Nattjaktforbod, t.d. mellom kl. 19.00 og 07.00, som har vore nytta i Nordfjella i mange år.
- Jaktslutt før 30. september (20. og 25. september har vore nytta)
- Slutt på bukkejakt 15. september (eller annan fastsett dato)
- Eigne fellingsløyve for småbukk < 55 kg (nytta i 1989 og 1991-96)
- At fridyrskorta berre skal nyttast til felling av bukk (nytta i 2022, -23 og -24)

Mellom anna for å kunna gje heimel for reaksjonar på brot på bestemmelsar av denne typen, vart vedtektene til villreinutvalet reviderte i 1999 og 2000. Vedtektene inneheld ei fullmakt til årsmøtet til å gjera vedtak som er bindande for medlemene.

For å få ei god nok felling, særleg av bukk, til å oppnå målsetjinga for prøveutak, kan det i planperioden vera aktuelt med særskilde tiltak etter vedtak i årsmøte før kvar jakt sesong:

- Jaktstart før 20. august
- Eigne fellingsløyve for bukk
- Samjakt over områdegrensene Hardangervidda/Nordfjella/Raudafjell

I slike høve må Miljødirektoratet søkjast om dispensasjon frå gjeldande forskrifter. Søkna må då sendast gjennom villreinnemnda.

11. ORGANISERING

- Kvart jaktfelt står tilslutta villreinutvalet for Nordfjella gjennom lokallaget for villreinvalid i kvar kommune.
- Styret i villreinutvalet: 1 frå fjellstyret og 1 frå grunneigarsida i kvar kommune, til saman 12 medlemar i tillegg til leiar. Denne samansetnaden vert ikkje endra ved eventuelle kommunesamanslåingar i planperioden.

12. ARBEIDSOPPGÅVER OG TILTAK I PLANPERIODEN

12.1. Overvaking

- Årleg minimumsteljing, kalveteljing og strukturteljing (kalveteljing og strukturteljing er det no NINA som har hovudansvar for, etter innføringa av kvalitetsnorma. Lokalt oppsynsmannskap utfører jobben).
- Kondisjonsgransking (kjeveinnsamling) eitt år i planperioden.
- Arbeid for å sikra full oppslutning om prøveinnsamling for CWD-analyse.
- Arbeid for å sikra at reinen får ro i viktige periodar (vinterbeite, kalving). Verkemiddel som kommunane har når det gjeld å stoppa t.d. løypeoppkøyring er avhengig av at kommunen får melding når det er rein i områda. Nokre flokkar har dyr med GPS-klave, men ikkje alle.

12.2. Andre arbeidsoppgåver og tiltak

- Leggja fram forslag til totalkvote og fordeling kvart år.
- Koma med forslag om/vedta jakttid, nattjaktforbod og andre lokale bestemmelsar.
- Vurdera tiltak for i større grad å få teke ut "skrapdyr" i staden for produksjonsdyr
- Arbeida for, og ta del i, ei forsvarleg oppsynsteneste i samarbeid med politiet, kommunane, fjellstyra og SNO
- Ta del i aktuelle oppgåver/ prosjekt som kan vera med å betre levevilkåra for villreinstamma og gje kunnskap om reinen sin bruk av området.
- Arbeida for å betra rekrutteringa av jegerar
- Trykkja opp nytt opplag av (revidert) valdkart for Nordfjella. Heile opplaget som vart trykt i 2003 har gått ut.
- Revidera driftsplanen i 2029, slik at ein har ny driftsplan klar til denne går ut.
- Arbeidet med å utvida omfanget av samjaktavtalar skal vidareførast. Villreinutvalet kan bidra med å laga forslag til samjaktavtalar og vera forum for drøfting av avtalar. Sjølvne avtalane må gjerast på vald- eller jaktfeltnivå.
- Villreinutvalet kan ta på seg formidling av fellingsløyve frå jaktfelt med dårleg felling til meir jaktsikre felt.


13. ØKONOMI

Villreinutvalet skal i driftsplanperioden drivast etter budsjett vedteke av årsmøtet. Inntektsmodellen som har lege til grunn for drifta baserte seg tidlegare på eit årleg tilskot, «fellingsavgift,» frå medlemane, varierende frå år til år etter talet på fellingsløyve. I tillegg har villreinutvalet årleg fått attendebetalt innbetalt fellingsavgift frå Miljødirektoratet. Det vert og innbetalt medlemskontingent og oppsynstilskot frå medlemane. Med sterkt reduserte fellingskvotar, gjev dette små inntekter. Samstundes er utgiftene høge, grunna stor møteaktivitet i samband med CWD-handteringa og ymse planarbeid i offentleg regi.

For å kunna driva villreinutvalet vidare, må følgjande tiltak gjennomførast:

- Halda møtedeltaking og -aktivitet på eit relativt lågt nivå
- Vurdera nivået på medlemskontingenten og andre tilskot frå medlemane (grunneigarlaga og fjellstyra)
- Få auka årlege, offentlege tilskot til drift, oppsyn og forvalting
- Søkja om tilskot/prosjektmidlar der det kan vera noko å henta (kommunale viltfond, fjellkassa m.fl.)

Vedlegg: Oppsummering av spørjegransking utsend til dei jaktfeltansvarlege i Nordfjella i februar 2025.



Villreinutvalet for Nordfjella

OPPSUMMERING

SPØRJEGRANSKING I SAMBAND MED NY DRIFTSPLAN FOR NORDFJELLA VILLREINOMRÅDE, UTFØRT I FEBRUAR 2025.

	Samd	Nøytral	Usamd
1. Det er rett å ha tillit til Veterinærinstituttet og Mattilsynet sine berekningar av friskmeldingsstatus/mogleg førekomst av cwd i bestanden .	12	18	16
2. Jakt skal vera det viktigaste forvaltingsverktøyet i forvaltinga av villrein i Nordfjella villreinområde.	43	1	3
3. Statleg uttak av dyr bør ikkje skje i samband med villreinforvalting.	34	4	8
4. Det bør fastsetjast bestandsmål som det er realistisk å nå utan bruk av ekstraordinære tiltak/verkemiddel under jakta.	42	2	3
5. Det er svært viktig at jegerane leverer cwd-prøver av hjerne og lymfe av alle felte dyr.	39	7	2
6. Reetableringa i Nordfjella sone 1 bør skje med bruk av villrein frå sone 2.	37	6	6
7. Reetableringa bør skje med rein med tamreinopphav, der villrein er kryssa inn.	6	8	35
8. Med reetablering med rein frå sone 2 som opphav; korleis bør dette i så fall føregå?			
a) Ved naturleg innvandring til sone 1 når reinen sjølv finn tida inne (føreset snarleg og permanent riving av sperregjerdet mellom sonene).	6	12	7
b) Driving av høveleg flokk (100-200) frå sone 2 til sone 1, prøva å halda den i sone 1 (opning av sperregjerde før driving, deretter setja opp att gjerde).	15	9	15
c) Driving av heile/storparten av stamma i sone 2 til sone 1 (opning av sperregjerde før driving, deretter setja opp att gjerde for å halda dyra i sone 1).	0	11	25
d) Driving av flokk frå sone 2 til sone 1, og samtidig nedtaking av sperregjerde	12	10	17
9. På lengre sikt må reinen kunna vandra fritt mellom sonene i Nordfjella.	46	3	0

10. Flytting av rein til sone 1 bør skje

Samd Nøytral Usamd

a) så snart som råd – helst i 2025.

35 6 6

b) Først når sone 2-flokken med 99 % sannsyn er friskmeld av Mattilsynet og sone 1 er erklært å vera fri for fare for miljøsmitte.

9 8 23

11. Bestanden av rein i sone 1 var på nær 2000 dyr før saneringa, i samsvar med dåverande driftsplan. Ein ny plan må ha som siktemål å arbeida for ei vinterstamme i sone 1 på:

a) same nivå som før saneringa

41 3 3

b) lågare dyretal enn før saneringa (i så fall kor mange?).....

4 5 17

c) høgare dyretal enn før saneringa (i så fall kor mange?).....

3 6 16

12. Bestanden i sone 2 var på om lag 400 dyr før 2017, som og var i tråd med dåverande driftsplan. Ein ny plan må ha som siktemål å arbeida for ei vinterstamme i sone 2 på:

a) same nivå som før saneringa

32 10 2

b) lågare dyretal enn før saneringa (i så fall kor mange?)

0 9 18

c) høgare dyretal enn før saneringa (i så fall kor mange?).....

7 11 13

13. Det må setjast eit felles bestandsmål for heile Nordfjella, utan delmål for kvar sone.

13 19 12

14. Bestandsstrukturen i stamma:

a) Storbukkandelen må haldast låg, som i dag (5-6 %).

3 5 30

b) Storbukkandelen bør aukast til normalt nivå (14-18 %).

42 5 2

15. Freding er eit naudsynt verkemiddel i samband med stammeoppbygginga.

32 9 4

Viss svaret er ja – kor mange år med freding?

16. Det må kunna opnast for ei varsam jakt parallelt med oppbygging av stamma.

18 17 8

Viss svaret er ja – kor mange dyr bør kunna fellast årleg?

Det er innkome 49 svar, som representerer til saman 60 jaktfelt. Desse jaktfelte utgjer 60,9 % av arealet i Nordfjella villreinområde.

Kommunevis fordeling av innkomne svar:

	Tal jaktfelt svart	Tal jaktfelt i valdet	Svarprosent
Hemsedal	1	11	9,1
Ål	20	32	62,5
Hol	5	24	20,8
Aurland	19	33	54,5
Lærdal	14	25	56,0
Ulvik	1	2	50,0
SUM	60	127	47,2

Innkomne merknader:

Spørsmål 9: Nedbygging av hindringer – periodevis stenging av vegar og turisthytter/merkte stigar.

Spørsmål 11: Ein innkomen merknad om at bestanden i sone 1 bør liggja på 1500-2000 dyr. Ein merknad om at dyretalet bør koma opp i 2500-3000 dyr.

Spørsmål 12: 5 forslag om høgare dyretal i sone 2 enn før saneringa. 4 ligg i området 500-600, ein har forslag om 1000.

Spørsmål 15: 23 har synspunkt på lengda på ein ev fredingsperiode. Alle forslag ligg i området 2-5 år.

Spørsmål 16: 6 har merknader som gjeld varsam jakt i perioden med oppbygging av stamma. Omfanget av jakt i framlegga ligg i området 15-40 dyr per år. Andre har merknader som:
Nokre bukkar for prøvetaking – Uttak av ev svake dyr, også utanfor jaktseasonen – Uttak av gamle returbukkar – Uttak av tilstrekkeleg mange dyr til å få god prøvetaking gjennom jakt.

Andre innkomne merknader, ikkje knytt til bestemte spørsmål i skjemaet:

- Stamma i sone 2 bør byggast opp før ev driving/innvandring til sone 1 skjer. Kan ikkje vere eit mål at sone 2 blir utan dyr.
- Freding, skånsam jakt av nokre bukkar for prøvetaking. Viktig med samarbeid - tilgang til jakt. Gjerde: Fylg med kor kalvinga føregår, så kan gjerdet etter kvart fjernast.
- Leggja ned tamreindrifta på Hemsedalsfjellet inntil stamma i NF er kome opp att på nivået frå før saneringa.

- Må først budsjetterast statlege midlar, difor er 2025 urealistisk. Må få til budsjettering i 2026.
- Når det er kome dyr inn att i sone 1, må dei få mest mogleg ro. Reinsstamma må ikkje verta eit forskingsprosjekt.
- Om bestandsutviklinga er god, kan det vera fornuftig med eit avgrensa uttak for prøvetaking og vurdering av holdet på dyra, Tenkjer då på kalv og returbukk.
- Ved opning av jakt er det viktig at det vert organisert store jaktfelt, for å få rettferdig fordeling av kvoten, eller sal til inntekt for fellesskapet.
- No er det ein gylden moglegheit til å bygge opp ei sunn stamme med store dyr. Lag eit opplegg med forbod mot å skyta dei største bukkane, store bøter (10.000+), lag trinn per 10 kg. Store bukkar (60kg+) må synast/kontrollvegast.
- Det er større sjanse for at reinen vil bruka utkantområda i Ål med innblanding av tamrein framfor bruk av dyr frå sone 2.

Aurland, den 18.3.25

Harald Skjerdal
Sokr. Villreinutvalet